



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 15.05.2017  
**Tidspunkt:** 14:00 – 16:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Tandstad	Nestleiar / fungerande utvalsleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	Ap
Øystein Foss	Medlem	BL

**Følgjande var medlemmer møtte:**

**Navn** **Møtte for** **Representerer**  
Ingen var medlemmer møtte.

**Merknader**

Øystein Foss melde forfall til møtet same dag som møtet skulle vere. Vararepresentant vart innkalla, men kunne ikkje møte på så kort varsel.

Brigt Olav Gåsdal kunne ikke møte på grunn av sjukdom. Det var ikke tid til å innkalle vararepresentant.

Ein av representantane kom for seint til møtet, så møtestart vart kl 14.40, for å vera vedtaksføre.

## **Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor – i heile møtet
Hilde-Lill Vaage	Konstituert rådmann – i PS 22/17 og PS 27/17
Nina Erdal	Økonomisjef – i PS 22/17 og PS 27/17
Knut Harald Frøland	Ordførar – i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Anne Gerd Tandstad  
Fung. utvalsleiar

Kari Marie Nygård  
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 19/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 21/17	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune 2017		2016/98
PS 22/17	Årsrekneskap 2016 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 23/17	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2017		2016/38
PS 24/17	Referatsaker		
RS 13/17	Utvælt sitt kvarter		2014/240
PS 25/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/133
PS 26/17	Eventuelt		
PS 27/17	Byggerekneskap Samnangerheimen – uttale frå kontrollutvalet		2016/48-8

## **PS 19/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

PS 27/17 «Byggerekneskap Samnangerheimen – uttale frå kontrollutvalet» var ettersendt 09.05.17. Ut over dette var det ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 20/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 02.05.17.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 02.05.17 vart samrøystes godkjent.

## **PS 21/17 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune 2017**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Partner Bjarne Ryland frå Deloitte presenterte uavhengighetserklæring. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

## **PS 22/17 Årsrekneskap 2016 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Økonomisjef Nina Erdal presenterte hovudtal for den avlagte rekneskapen og orienterte om dei viktigaste årsakene til resultatet som nå ligg føre.

Konstituert rådmann Hilde-Lill Vaage kommenterte årsrekneskapen og årsmeldinga og sa litt om viktige saker som har vore i 2016, og om kva som vert vidareført i tida framover. Det vart trekte fram at einingane har levert gode tenester og vist svært god budsjettdisiplin. Dei har og vore aktivt med i arbeidet med å utforme årsmeldinga for kommunen.

Partner / rekneskapsrevisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsmelding og rekneskapsrapport.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og kommentarar, som vart svara på. Forslag til uttale til rekneskapen frå kontrollutvalet vart drøfta, men det kom ikkje forslag til endringar av denne. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016.

## **PS 23/17 Deloitte presenterer revisjonsplan for 2017**

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 fra Deloitte AS til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017****Handsaming i møtet:**

Revisjonsplan for Samnanger kommune for 2017 vart gjennomgått av revisor. Det kom ikkje innspel til endringar i revisjonsplanen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 fra Deloitte AS til orientering

## **PS 24/17 Referatsaker**

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017****Handsaming i møtet:**

Referatsakene vart gjennomgått:

Under «Utvalet sitt kvarter» tok utvalsleiar opp to spørsmålstillinger vedr. saker der det har vore reist habilitetsspørsmål i siste kommunestyremøte. Følgjande spørsmålstillinger vart stilt:

1. Om habilitet i forbindelse med ein interpellasjon ang deling av 1.klasse.
  - o I interpellasjonen vart det sett fram forslag til vedtak som går på at delingstalet for 1.-4.klasse skal være 19. 3 av representantane reiste spørsmål om dei er inhabile då dei har barn eller barnebarn som skal begynne på skulen til hausten.
  - o Kan desse 3 kommunestyrerrepresentantene være inhabile når det er snakk om eit generelt vedtak ? Dette vedtaket vil gjelde for fleire år framover. Vil då alle som får barn eller barnebarn i 1.-4. klasse være inhabile ?
  - o Kva med ansatte i skulen ?
2. Om habilitet i forbindelse med ein interpellasjon ang. påkobling til kommunalt vatn.
  - o 4 husstander har klaga på påkobling til kommunalt vatn fordi dei meiner dei får urimelig høge utgifter. Med bakgrunn i dette er det skreve ein interpellasjonen som går på å lage retningslinjer for maksbeløp på utgifter til påkobling til offentlig vatn.
  - o I den samanheng er det trekt fram 4 husstander som har fått krav om påkobling. Spørsmålet går på om 2 representanter, som kjem frå dei 4 husstandane, er habile eller ikkje.
  - o Er desse to kommunestyrerrepresentantene, som åpenbart vil ha økonomisk interesse av et slikt vedtak, inhabile når saka om retningslinjer skal behandles på eit generelt grunnlag ?
  - o Kva med kommunestyrerrepresentantar som må forvente tvungen påkobling på eit seinare tidspunkt?

Kontrollutvalet ønskjer at desse spørsmålstillingane vert oversendt kommunestyret for vurdering i den vidare sakshandsaminga. Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Spørsmålstillingane vert oversendt kommunestyret.

## **PS 25/17 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til innstilling/vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Aktuelle protokollar vart gjennomgått og kommentert. Ordførar refererte frå siste kommunestyremøte om vedtak som vart fatta i sak «Vurdering av handsaming av konsesjonssak i Samnanger kommune». Innstilling i saka frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke. Han opplyste og at kommunestyret hadde gjort vedtak om tilsetjing av ny rådmann, og at Charlotte Hageberg er tilsett.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **PS 26/17 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Under eventuelt drøfta kontrollutvalet korleis prosjekt innan forvalningsrevisjon burde planleggast vidare. Det vart konkludert med at sak om dette vert å ta opp på første møte til hausten.

#### **Vedtak:**

Det vart fatta samrøystes vedtak om at sak om prosjekt innan forvalningsrevisjon vert å ta opp på første møte til hausten (25.09.17).

## **PS 27/17 Byggerekneskap Samnangerheimen - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til revisor sin uttale til byggerekneskapen for Samnangerheimen, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisande bilet av at prosjektet er i samsvar med god communal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet meiner prosjektrekneskapen for Samnangerheimen er lagt fram på ein tilfredstillande måte

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet orienterte om at saka var ettersendt og om årsakene til dette. Rådmann og økonomisjef var tilstades under handsaminga og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna peika på at framlegging av denne byggerekneskapen har gjeve nytig erfaring og kunnskap om korleis nye byggeprosjekt skal rapporterast på ein god måte vidare framover.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet viser til revisor sin uttale til byggerekneskapen for Samnangerheimen, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisande bilet av at prosjektet er i samsvar med god communal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet meiner prosjektrekneskapen for Samnangerheimen er lagt fram på ein tilfredstillande måte